



NVE

Referanser:

Dykkar: NVEs referanse: 201801666-9

Vår: 15/411 - 18/5978

Sakshandsamar:

Sveinung Toft

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Dato:

11.10.2018

Nasjonal ramme for vindkraft på land - lokalt innspel frå Masfjorden kommune

Det vert vist til brev frå NVE den 08.06.2018, og nytt brev den 05.09.2018, med utsett frist for å koma med innspel til arbeidet med å utarbeide nasjonal ramme for vindkraft. Det vert i dykkar brev presisert at lokale innspel skal gjelda fagleg informasjon av overordna karakter, og at OED skal ha ei høyring etter at NVE har utarbeida framlegget, og at det då vert høve til å koma med politiske innspel og generelle synspunkt om den nasjonale ramma.

Innleiingsvis vil ein vise til at mesteparten av Masfjorden kommune sitt areal ligg innanfor analyseområde nr 18 sitt detaljkart, og at det er mange ulike interesser som gjer seg gjeldande. Nedunder ønskjer kommunen å koma med nokre faglege innspel, med ønskje om at NVE kan finne nytten av denne faglege informasjonen i det vidare arbeidet.

Informasjon om sørsida og austsida av Masfjorden (Stølsheimen og Fjonfjella):

1. Hovudvassverket til kommunen ligg inne i bygda Andvik, og at dette hentar inn råvatnet frå fjellområdet/ nedslagsfeltet knytt til vassdraget Storavatnet / som ligg vest for fjellet Ådneburen. Det er svært viktig at nedslagsfeltet til vassverket ikkje vert påverka negativt.
2. I desse fjellområda i Masfjorden er det mange stølar, samt hytter i tilknytting til historiske kulturmiljø. Svært mange stølar er lokalisert til fjellområdet som ligg vest for Romarheimsdalen og på sørsida av Masfjorden. Dette fjellområdet går under namnet Fjonfjella. Dette har svært stor verdi både for lokale innbyggjarar og for tilreisande i heile Bergensområdet som nyttar det til rekreasjon m.v. Turistforeningshytta Kalvedalshytta ligg sentralt i dette området, med stiar vidare i fleire hovudretningar. Innover mot Stølsheimen er det turlagshytter, ein kan særleg nemne

Skavlabu og Vardalsbu, som saman med andre hytter dannar ei samanhengande rute frå vest i dette fjellområdet til landskapsvernområdet i Stølsheimen med fleire turistforeningshytter.

3. Landskapsverdikartet til Hordaland fylkeskommune frå 2012 (produsert av Aurland Naturverkstad) viser at både Fjonfjella og sentrale deler av Stølsheimen har stor verdi.
4. Prosjektrapport for kartlegging og verdsetting av område for friluftsliv i Hordaland (2008) viser at sentrale deler av Fjonfjella og Masfjorden sin del av Stølsheimen er svært viktige som regionale friluftsområde, og deler av desse områda er difor klassifisert som A-områda (svært viktige) . I rapporten har A-område som ligg i eller inntil Masfjorden kommune fått nemninga 1263-25 (Stussdalen – Kalvedalshytta) og 1266-1 (Bjørn Vest – området). I tillegg ligg det eit B- område (viktig friluftsområde) med nemninga 1266-2 (Meisdalen) . I nabokommunen Modalen i Stølsheimen har eit A-område fått nemninga 1252 – 4 (Stølsheimen- Otterstadstølen).
5. Eikefetelva er med i verneplan II for vassdrag (1980) , og nedslagfeltet dekker sentrale deler av Fjonfjella. Innanfor dette området gjeld rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Med unntak av gardane nede ved Eikefet framtrer området som eit større uberørt naturlandskap saman med gamle setrer og eit par hytter lokalisert inntil desse.
6. Fjonfjella utgjer eit av dei største inngrepsfrie naturområda (INON) i ytre deler av Hordaland, og eit av dei få større inngrepsfrie områda som og omfattar større areal heilt ned til fjorden. Sentrale deler av dette området er natur som ligg meir enn 3-5 km frå inngrep.

Informasjon om nordsida av Masfjorden:

1. Frøysetelva/ Ynesdalsvassdraget er med i verneplan III for vassdrag, og vart i 1986 varig verna Innanfor dette området gjeld difor rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, og nedbørsfeltet er på ca 120 km². Området utgjer difor ein stor del av innlandet som ligg vest for E39 og nord for Masfjorden, og er typisk for vassdrag i ytre fjordstrøk på Vestlandet. Nedre deler av vassdraget er med i statleg kalkingsprosjekt (frå 1989) , og store ressursar vert difor nytta kvart år av samfunnet, for å sikra leveområdet for anadrom fisk og ivareta biologisk mangfald.
2. Ytre deler av området er i prosjektrapport for kartlegging og verdsetting av område for friluftsliv i Hordaland (2008) definert som område B, viktig friluftsområde i og ved sjø, og har i rapporten fått nemninga 1266-6, Herøyosen. Dette området vert mykje nytta som båt og rekreasjonsområde for turistar og for mange innbyggjarar i fleire kommunar (Gulen, Masfjorden, Lindås, m.fl.).
3. Mange bygder og gardsbruk ligg spreidd i små landskapsrom innanfor dette området, og risiko for nærkontakt mellom vindmølleparkar og område med bustader og hytter m.v. er difor svært stor.
4. Sleirsfjellet er eit område, der det årleg er eit lokalt større organisert bakkeløp «Sleirsfjellet Opp», og som også vert nytta av spesielt mange turgåarar heile året.

Informasjon om Stordalen:

1. Stordalen ligg aust for Matre og går heilt inn i Høyanger kommune i aust. Dalen er ein viktig innfallsport til Stølsheimen, med DNT merka stier både sommar- og vinterstid. Det er bygd mange hytter i dalen dei siste 30 åra, og nye hytter vert bygd kvart år. Eksisterande planen legg opp til at det kan byggjast inntil 400 hytter i Stordalen. Sentralt i området ligg Stordalen fjellstove. Stordalen er eit viktig turområde heile året, med mange tilreisande frå heile Nordhordland inkludert Bergen. Om vinteren vert det køyrd opp langrennsløyper og mange nyttar også skitrekket, og på fine vinterdagar er området eit viktig turmål for mange. Den store bruken av området til rekreasjon gjer at det er svært viktig å ta vare på landskapet og naturområda rundt.

Masfjorden kommune ber med dette om at NVE ser nærmare på våre faglege innspel vist i dette brevet, og vil påpeike at vindmølleparkar i områda nemnd ovanfor kan verta svært konfliktfulle i høve dei verdiane/interessene som her er skildra.

Kommunen ser fram til å få framlegg til nasjonal ramme for vindkraft på høyring så snart denne ligg føre, med tanke på å sikra god lokalpolitisk involvering i prosessen.

Med helsing

Sveinung Toft
assisterande rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:
NVE